

## Søknad om midlar til Digitalisering av programmet "Arven"

Søknadssum:

### **Samandrag med prosjektmål**

Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum lanserte i 1996 programmet "Arven" – eit biletspel om Knud Knudsen spesielt og fotografiets historie generelt. Programmet har høg kvalitet og er framleis like aktuelt, men den tekniske løysinga frå 1996 (dias) hindrar bruk i dag og programmet ligg no som død kapital. NVIM ønskjer difor å digitalisera/ oppgradera og ta programmet aktivt i bruk i formidlinga. I første omgang er det svært ønskeleg med vising våren 2016 i samband med ungdomstilbodet og konkurransen "MIN Knud Knudsen" der NVIM vil engasjera ungdom til å bli kjende med Knud Knudsen-samlingane, og ta foto av sitt eige personlege Knud Knudsen-motiv. Gjennom sosiale media og digitale midlar vil vi binda saman fortid og notid og auka forståinga for å ta vare på historia.

NVIM har hittil fått prosjektstøtte på til saman 32 000 til digitalisering av Arven og kr 25 000 til MIN Knud Knudsen.

### **Bakgrunn**

Knud Knudsen var født i Odda. Her var han ein svært aktiv fruktdyrkar parallelt med at han var ein profilert Bergens- og turistfotograf, ein pionér på begge felt. Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum lanserte i 1996 programmet "Arven" – eit biletspel om fotografen Knud Knudsen spesielt og fotografiets historie generelt. Programmet er laga av Hybris Film, har ein frisk rytme i framstillinga og har høg fagleg- og kunstnarleg kvalitet og passar for ungdom så vel som eldre målgrupper. Produksjonen kosta 420 000 kroner i 1996, men kan ikkje lenger nyttast av tekniske årsaker. **Kulturfondet i Odda støtta produksjonen med kr 55 000.**

I 2015 var det 100 år sidan Knud Knudsen (1832 – 1915) døydde og Odda kommune og NVIM samarbeider om å framheva kulturarven etter han. Galleriet "Foto-Knud på Smelteverket" har vekt begeistring og gjort Knudsen synleg for alle som bur i Odda eller vitjar byen. Dei store bileta har fornya interessa for kulturhistoriske fotografier. Barnehagar, enkeltpersonar og grupper vandrar rundt og undrar seg og studerer bileta. Det er også registrert stor interesse for boka "Album" utgitt på Skald forlag i 2015, og for Arvid Aga sine koloreierte Knudsen-foto som blir formidla ved NVIM. NVIM og Odda kommune vil byggja vidare på dette.

### **Mål for tiltaket**

- Formidla kunnskap om den nasjonalt kjende fotografen og fruktdyrkaren Knud Knudsen spesielt og fotografiets historie generelt.
- Knyta hardingane tettare opp til arven etter Knud Knudsen.
- Formidla verdisyn om natur og næring på 1800-talet.
- Gje publikum ei estetisk oppleveling gjennom Knudsen sine fotografier og nye foto-opptak.
- Tilby kvalitetsprogrammet Arven frå 1996 og få nytte av investert kapital.

### **Innhald i programmet**

Sjå vedlagd prosjektskisse frå 1995.

### **Innhald i prosjektet**

I alt 320 dias skal skannast / digitaliserast og samordnast med filer for styringssignal og lyd (tale og musikk). Dette krev om lag 7 vekers arbeid. Programmet vart laga for diasframvising med styresignal og lyd på CD, ei teknisk løysing som er gått heilt ut av bruk.

#### **Bruk av programmet**

Ei digital utgåve av programmet vil gjera bruken fleksibel slik at NVIM kan visa programmet både på museet sine ulike arenaer eller der publikum er, t.d. på skular, i organisasjonar, som tilbod i Den kulturelle spaserstokken, hjå samarbeidspartner, i galleri etc.

NVIM planlegg eige formidlingsopplegg i 2016 omkring arven etter Knud Knudsen.

#### **Rettar til programmet**

Programmet er laga av Hybris Film på oppdrag frå NVIM som har full bruksrett. Programmet har spesialkomponert musikk. Det er innhenta løyve til digitalisering frå fotograf/programskapar Per Nikolai Haukeland.

#### **FRAMDRIFTSPLAN OG ORGANISERING**

Aktivitet	Tid	Merknad
Administrasjon, søknadsperiode	jan – mars 2016	
Digitalisering og tilrettelegging av program	mars - april 2016	
Lansering av digital versjon	mai 2016	

PA: Jan-Anders Dam-Nielsen, direktør

PL: Dag Endre Opedal, fagkonsulent

#### **BUDSJETT OG FINANSIERING**

Utgifter		
Lønn- og personalkostnader	Kr 87 000	7 veker
Studioleige / teknisk hjelp	Kr 23 000	
<b>Sum utgifter</b>	<b>Kr 110 000</b>	

#### **Inntekter:**

HKF Ålmenne kulturføremål	Kr 17 000	Er innvilga
Fotograf Knud Knudsens Legat	Kr 15 000	Er innvilga
Kulturfondet Odda kommune	Kr 50 000	Denne søknaden
NVIM eigeninnsats	Kr 28 000	
<b>Sum inntekter</b>	<b>Kr 110 000</b>	

Tyssedal, 18.12.2015

Jan-Anders Dam-Nielsen